



Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/6763 - 22/70015

Saksbehandlar:  
Bente Kopperdal Hervik  
bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:  
15.09.2022

## Vurdering av kulturminnedokumentasjon - driftsbygning på gbnr 324/4 Langeland

Kulturavdelinga i Alver kommune gav, i samråd med Berit Vik på seksjon for kulturav i Vestland fylkeskommune, råd om at det vart stilt følgjande krav til kulturdokumentasjon i samband med riving av driftsbygning på gbnr. 324/4 Langeland.

### Alternativ 1:

1. Situasjonsskart i målestokk 1:500 evt 1:1000.
2. Foto:

- Det må leggjast ved eitt fargefoto av kvar fasade og minimum to som viser bygningen i høve til omgjevnadene (terreng, nabobygg, vegetasjon, osv)
- Særegne bygningsmessige detaljar og innvendig foto av alle rom må leggjast ved.
- Fotostandpunkt skal innteiknast på plantegning og situasjonsplan.

3. Teikningar: Dokumentasjonen må innehalda teikningar av plan, snitt og fasade i M=1:100 eller 200.

### Alternativ 2:

- Laserskanning av bygget med utteikning.

Tiltakshavar valde alternativ 2: laserskanning av bygget med utteikning.

Me har sett over innsendt kulturminnedokumentasjon for driftsbygningen på gbnr 324/4 Langeland (byggningsnr. 175990984) og vurderer at den er tilstrekkeleg for å ivareta dei omsyna som er sette reguleringsplanen.

Med helsing  
Alver kommune, Kulturutvikling, idrett og  
frivillighet

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG